

REFERAT FRÅ MØTE I FFU

ONSDAG 14.6.2017 KL. 12.15 – 14.00

Til stades: Anne Beate Maurseth (leiar), Helge Sandøy, Henning Laugerud, Christine Hamm, Synne Ytre Arne, og Sunniva P. Johansen.

I tillegg møtte: Eike Schnall og Juliane Tiemann.

Fråfall: Gunnstein Akselberg og Anders Strand

Skrivar: Anne Berit Apold

Saker:

- I. Godkjenning av innkalling – Innkallinga vart godkjent.
- II. Framlegging av referat frå møtet 28.3.2017
Det var ingen kommentarar til referatet.

11. Intern rutine ved opptak av eksterne søkjarar til forskarutdanninga – vedtakssak

Anne Beate orienterte kort om behovet for intern rutine ved opptak av eksterne søkjarar til forskarutdanninga. FFU slutta seg til forslaget til vedtak.

Vedtak:

FFU går inn for at søknadar om opptak til forskarutdanninga (frå eksterne søkjarar) vert kvalitetssikra av to vitenskapleg tilsette i tillegg til intern rettleiar.

12. LLE sin strategi for forskning og forskarutdanning – vedtakssak

FFU støtta forslaget om at det vert sett ned to arbeidsgrupper for å følgja opp LLE sin strategi for forskning og forskarutdanning. Tidshorisonen vart drøfta, og det var semje om at det bør liggja føre handlingsplanar innan utgangen av 2017. Det vart foreslått i møtet at det bør vera med ein stipendiat i arbeidsgruppa som skal følgja opp strategien for forskning, og FFU slutta seg til dette.

Vedtak:

FFU støttar at det vert sett ned to arbeidsgrupper som får mandat til å leggja fram utkast til handlingsplan for forskning og forskarutdanning ved LLE. Arbeidsgruppa som skal leggja fram utkast til handlingsplan for forskarutdanninga skal setjast saman av 5 personar; forskingsleiar, 2 stipendiatar, ein av leiarane av forskarskulane, ein vitenskapleg tilsett (gjernar frå FFU) og ph.d.-koordinator (skrivar). Arbeidsgruppa som skal laga utkast til handlingsplan for forskning skal setjast saman av minimum 5 personar; forskingsleiar, ein vitenskapleg tilsett som har erfaring med eksternfinansierte prosjekt, ein vitenskapleg tilsett, ein stipendiat og forskingskonsulent (skrivar). Forskingsleiar peikar ut personar til komiteane.

13. Erfaringar frå siste utlysing av stipendiatstillingar – diskusjonssak

Anne Beate orienterte om erfaringar frå siste utlysing av opne stipendiatstillingar med utgangpunkt i sakspapira for denne saka. I samband med ny utlysing av fire stipendiatstillingar (søknadsfrist 6. august) er det sendt e-post til gruppe A med informasjon om utlysinga, råd om korleis vitenskaplege tilsette kan handtera førespurnader om å vera rettleiar for potensielle ph.d.-kandidatarar, samt oppmoding til vitenskaplege tilsette om å ta kontakt med gode kandidatar. Det er laga ei liste over kva plikter som kviler på hovudrettleiar for ph.d.-kandidatar og denne vart sendt til gruppe A saman med info om dei utlyste stillingane.

14. Orienteringssaker:

a) Ny forskingsleiar ved LLE

Frå 1.8.2017 vert Eike Schnall ny forskingsleiar ved LLE.

b) Nytt FFU frå 1.8.2017

Det skal peikast ut nytt FFU ved LLE frå 1.8.2017, men dette er ikkje heilt klart enno. Gruppe B foreslår egne representantar til FFU, og dei sitjande representantane har tatt på seg å organisera dette.

c) Evaluering av humanistisk forskning i Norge v/NFR (HUMEVAL)

Resultat frå evalueringa vert lansert 23. juni.

d) Orientering om vedtak i FFU ved fakultetet (brev datert 10.5.2017)

- Retningsliner for vurdering av studiepoeng som kan godkjennast som kurs i overførbare ferdigheiter.

- Retningsliner for artikkelbasert avhandling.

Brev frå fakultetet vart lagt fram til orientering.

e) Fire nye stipendiatstillingar under utlysing

Fire opne stipendiatstillingar er under utlysing. Søknadsfrist er 6. august.

f) Offentleg ph.d.

LLE har fått sin fyrste ph.d.-kandidat frå NFR si ordning Offentleg ph.d. Prosjektet er eit samarbeid mellom Digital kultur ved LLE og Helse Bergen som er kandidaten sin arbeidsgjevar.

15 Ymse

Det var ingen saker under ymse.

20.6.2017

Anne Berit Apold, skrivar